



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN



Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2014/091791-003

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.01.2015

Nedlegging av Rv. 13 - Gamal veg utanfor Myrdalstunnelen i Voss Kommune

Den 1080 m lange Myrdalstunnelen opna 20 des. 2008.

Frå same tid vart gamlevegen på utsida av tunnelen stengd med bommar, ca. 150 m inn frå ny Rv 13, grunneigarar har nøklar til bommene for å få tilgang til sine eigedomar.



Nordenden



Sørenden

Viser gamlevegen fra tunnelportalen fram til bommene

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen Rv 13 Vinje – Nesheim (vedteken 01.07.2006) vart det ikkje teke stilling til kva som skulle skje med gamle vegen når ny tunnel vart opna. Statens vegvesen startar nå omklassiferingssak for denne strekninga.

Det var gjort ekstra tiltak (ljos/ventilasjon m.m.) i tunnelen, slik at den er open for gang- og sykkeltrafikk. Det er såleis ikkje behov for å behalda gamlevegen som gang- og sykkelveg.

Forslaget inneber at gamlevegen utanfor Myrdalstunnelen vert nedlagt som offentleg veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø⁹⁸¹⁵
Telefon:
Telefaks:

Statens vegvesen foreslår at:

Rv 13 (Rt 13) frå avkøyrsla ved Ulvundsøyni i sør til oppsett bom, vert nedlagt som offentleg veg, men vert i statleg eiga. Rv 13 (Rt 13) mellom bommane vert nedlagt som offentleg veg og veggrunnen tilført eigar av naboeigedomar til vegen vederlagsfritt.

Rv 13 (Rt 13) frå avkøyrsla ved Ulvund i nord til oppsett bom, vert nedlagt som offentleg veg, men vil fortsatt vera i statleg eiga.

Grunngjeving:

Alternativ 1.

Heile gamlevegen Rv 13 (Rt 13) frå avkøyrsla ved Ulvundsøyni i sør til avkøyrsla ved Ulvund i nord vert nedlagt som offentleg veg, men vil kunna nyttast som omkjøringsveg om det er behov for å stengja tunnelen. Derfor statleg eige. Dette vil krevja eit visst vedlikehald, då vegen er i ferd med å siga ut fleire stadar og det kjem stadig små steinras/-skred ned på vegen. (sjå biletet)



Gamlevegen sig ut



Gamlevegen sig ut



Gamlevegen sig ut




Små steinras/-skred ned på vegen

Alternativ 2.

Rv 13 (Rt 13) frå avkøyrsla ved Ulvundsøyni i sør til oppsett bom, vert nedlagt som offentleg veg, men vert i statleg eiga. Dette på grunn av at det skal vera tilkomst til tunnelen sitt teknisk bygg og vil verta vinterbrøyta.

Når det ikkje er behov for g/s-veg eller omkjøringsveg, kan gamlevegen mellom bommane tilførast tilgrensande eigedomar. Grunneigarane kan då disponera vegen som tilkomst til eigeomane sine og til Myrkdalsvatnet. Vegen vert nedlagt i den stand den er i dag og den del av vegen som evt. vert tilført naboeigedomar må/bør Statens vegvesen fjerna autovern og skilt.

Rv 13 (Rt 13) frå avkjørsla ved Ulvund i nord til oppsett bom, vert nedlagt som offentleg veg, men vil fortsatt vera i statleg eiga. Dette for at Statens vegvesen skal ha tilkomst til vedlikehald av tunnelportalen. I vinterhalvåret er det mykje vatn og is som kjem over portalen. Avkjørsla her har därlege svingeforhold og bør stengjast.



*Utsnitt av reguleringsplanen –
Ulvundsøyni- som viser ny avkjørsel
og tilkomstveg i sør*



Viser teknisk bygg til Myrkdalstunnelen m/tilkomsveg

Alternativ 3.

Rv 13 (Rt 13) frå avkjørsla ved Ulvundsøyni i sør til oppsett bom, vert nedlagt som offentleg veg, og vert omklassifisert til privat veg. Vegen er skilta som blindveg og har forbodskilt (forbode for motorvogn) med underskilt (kjøring til eigedomane tillate). Dette på grunn av at det skal vera tilkomst til tunnelen sitt tekniske bygg, bustadeigedomen som ligg rett på andre sida av vegen til tunnelen sitt tekniske bygg, friluftsområde på land og tilkomst til eigedomane som vert tilført grunneigarane, Vegen vil ikkje vera vinterbrøyta.

Mellom bommane vert riksvegen nedlagt som offentleg veg og veggrunnen tilført eigar av naboeigedomen til vegen vederlagsfritt. Vegen vert nedlagt i den stand den er i dag og den del av vegen som evt. vert tilført naboeigedomar må/bør Statens vegvesen fjerna autovern og skilt.


Rv 13 (Rt 13) frå avkjørsla ved Ulvund i nord til oppsett bom, vert nedlagt som offentleg veg, men vil fortsatt vera i statleg eiga. Avkjørsla her har därlege svingeforhold og bør stengjast.



Bustadeigedom ved tunnelen sitt tekniske bygg

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det departementet som fatter endelig vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg skal Hordaland fylkeskommune, der riksvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing


Carl Erik Nielsen
seksjonssjef


Per Steinar Nedkvitne

1 vedlegg




Statens vegvesen

VEDLEGG 1:

	STATENS VEGVESEN	Dato: 28.07.2014	Fylke 12 Hordaland
PLANLAGDE/VEDTEKNE ENDRINGAR I VEGNETTET	Sign.: psn	Endring nr.	
Veg: RT. 13	Frå pel Hp16 – km 1,175	Til pel Hp16 – ca km 2,772	

Veglinje (gamal rv. 13) som vert nedlagt som offentlet veg.



Oversiktskart



Gamal Rv 13 mellom Ulvund og Ulvundsøyni
utanfor Myrdalstunnelen

STATUS GAMAL VEG		Lengde i m.
Rv 13 (Rt 13)	Hp16 - fra ca km 1,175 til ca km 2,7720	ca 1597